



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
12.08.2015
Dykkar dato
16.07.2015

Vår referanse
2015/7905 421.3
Dykkar referanse
14/1892

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - Ospeneset - sjølokalitet 19655 – klage over dispensasjon til utviding av akvakulturanlegg

Vi viser til oversending av vedtak for klagevurdering, dykkar ref. 14/1892, motteke 16.07.2015.

Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på Lindås kommune sitt vedtak, av 16.07.2015, om dispensasjon til utviding av akvakulturanlegg på Ospeneset.

I vedtaket heiter det:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø, §§ 6.1 og 6.2, for å etablere nytt akvakulturanlegg bestående av 3 bur/ringar i rekke og forflåte som vist i søknad datert 23.06.2015.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Ved etablering av anlegget skal nøyaktige posisjonar på anlegget og fortøyingar av dette meldast inn til Kystverket og kommunen for registrering i kart.
- Ved opphør av anlegget skal anlegg og eventuelle fortøyingar ryddast opp og fjernast frå området.
- Dersom løyve til etablering av akvakulturanlegg etter akvakulturlova ikkje vert gjeve innan eitt år, vert dispensasjonsvedtaket trekt tilbake.
- Dispensasjon gjeld for ein biomasse på inntil 3120 tonn. Dersom biomassen vert utvida, må det søkast om ny dispensasjon med tilhøyrande konsekvensutgreiing, eller utarbeidast reguleringsplan for området.

Fylkesmannen sine merknader

Tiltaket ligg delvis i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er synt med arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner. Resten ligg i område sett av til akvakultur.

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen eller omsyna i føremålsparagrafen i plan- og bygningslova (pbl.) 1-1 ikkje vert sette vesentleg til side, jf. pbl. § 19-2. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen rådde frå utviding av akvakulturområde i brev av 22.06.2015. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensera der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klagen sin:

Dispensasjonssøknaden omhandlar endra arealbruk, og ikkje auke i produksjonen. Fylkesmannen viser til at det er kommuneplanen som er arenaen for å diskutere omsøkte tiltak. Arealdelen til kommuneplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, i tillegg til viktige omsyn som må i varetakast ved disponering av areala, jf. pbl. § 11-5, andre ledd. Slik Fylkesmannen vurderer situasjonen for oppdrettsanlegg i regionen er det viktigare enn nokon gong at arealbruk knytt til oppdrettsanlegg vert vurdert i samband med kommuneplanlegging. Ein dispensasjon i denne saka vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for dette og liknande område i framtida.

Fylkesmannen har i den siste tida handsama fleire dispensasjonssaker om utviding av akvakulturanlegg i Lindås. Det er ingen automatikk i at tidlegare godkjente dispensasjonssaker legg føringar for handsaminga av nye dispensasjonssaker. Det er ein uheldig praksis dersom kommunen legg opp til å styre utviklinga av oppdrettsnæringa gjennom dispensasjonar. Vi ser det slik at kommunen no må foreta ei planavklaring.

For omsøkte tiltak ligg det per no inga konkret vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Då saka vert handsama som ein dispensasjon vil tiltaket ikkje verte omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Vi minner om at kommunen skal syte for at det vert utarbeidd reguleringsplan dersom det er behov for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggs-tiltak, fleirbruk og vern i høve til berørte private og offentlege interesser, jf. pbl. § 12-1 andre ledd. Det går ikkje fram av saksutgreiinga om kommunen har vurdert om tiltaket er reguleringspliktig. Reguleringsplan vil også stille strengare krav til offentlegheit, og kommunen vil få eit ansvar for å sikre aktiv medverknad jf. pbl. § 5-1.

I følgje søknaden er det antatt at det nye anlegget vil vere meir rømmingsikkert. Plastringanlegget vil vere sertifisert for grovare sjø og skal dermed tåle større belastning enn det gamle stålanlegget. Søkjar meiner også at endring av anlegget vert antatt å optimalisere lokalitetens berevne når det gjeld utslepp av avfallsstoff og fiskehelse. I saksframlegget skriv kommunen at eit plastringsanlegg vil gje betre fiskevelferd og oksygenforhold. Fylkesmannen vil peike på at verken søknaden eller saksframlegget frå kommunen inneheld ei grundig vurdering av om tiltaket vil føre til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller om det kan føre til auka fare for spreiding av sjukdom på villfisk og andre artar. Relevant fagleg kunnskap om slike verknader bør danne grunnlag for vurdering av om vilkåra er til stades for å gje dispensasjon. Ulempene for naturmiljøet er etter Fylkesmannen si oppfatning ikkje diskutert utfyllande nok i saka, og me meiner at dette er i strid med pbl. § 1-1: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar».

Området som er vurdert utvida ligg også innafor eit viktig regionalt friluftsområde i Hordaland fylkeskommune sin database. Det bør også gjerast ei vurdering av korleis friluftslivet vert påverka av ei utviding av akvakulturområdet.

Det er i vedtaket gitt løyve til tre bur/ringar i rekke og ikkje seks bur/ringar som det opphavleg vart søkt om. Eit bur på om lag 100 x 100 meter og forflåten vil komme utanfor det avsette området for akvakultur. Søknaden om seks bur vert handsama som politisk sak i septembermøtet i plan- og miljøutvalet. Sjølv om det i denne omgang vart vedtatt eit nytt anlegg med tre bur og ikkje seks, er utvidinga framleis godt utanfor området som er avsett til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen ser det som positivt at det er lagt fram MOM-B rapportar frå 2012 og 2014 som visar at miljøtilstanden under anlegget er god, men vi saktna framleis ei fagleg vurdering av konsekvensane ved ei utviding av anlegget utanfor det allereie etablerte akvakulturområdet. I saksframlegget frå kommunen står det at:

Når det gjeld ureining og eventuell endring i smittefare som følgje av større anlegg, er dette ein uavklart situasjon. Administrasjonen meiner likevel at spørsmålet knytt til smittefare og eventuell spreiding av sjukdomar som følgje av større enkeltmerder er noko som må takast stilling til i samband med handsaminga etter akvakulturloven, då dette i første rekke er driftsmessige forhold som må takast stilling til av dei mynde som handsamar søknadar om anlegg etter akvakulturlova, på same måte som ein må ha særskilt løyve etter forurensingslova.

Fylkesmannen er ikkje samd i denne vurderinga, og meiner at det her ligg føre ei ukorrekt forståing av plan – og bygningslova. Kommunen har eit sjølvstendig ansvar etter denne lova til å belyse og leggje vekt på konsekvensane av den arealbruken det vert vurdert å opne for. Det går fram av pbl. § 1-1 at:

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Vidare skal kommunen leggje særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge i alle dispensasjonssaker, jf. pbl. § 19-2 tredje ledd.

Fylkesmannen meiner at kommunen bør vurdere om det er naudsynt med ei konsekvensutgreiing ved ein utviding av anlegget. Det kan vere større grunn til å konsekvensutgreie dersom dette ikkje er gjort for arealet til det eksisterande anlegget.

Fylkesmannen si vurdering er etter dette at omsyna bak arealdelen av kommuneplanen og § 1-1 i plan- og bygningslova blir vesentleg tilsidesette ved utviding av akvakulturanlegget, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klaga på Lindås kommune sitt vedtak av 16.07.2015.

Vi ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt. Fylkesmannen ber om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Dersom klaga ikkje vert tatt til følge, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil deretter senda saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Hege Brække Hellesø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.